

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Voss kulturhus  
**Dato:** 16.12.2014  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK
Oddvar Østerbø	MEDL	HØY
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjelmeseter	SFFK

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Serkretær

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 22/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/14	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 24/14	Stølsheimen landskapsvernområde - sikringstiltak på stien til Torvedalen		2014/4233
ST 25/14	Stølsheimen landskapsvernområde - ombygging av stølshus på Vikafjellet		2014/4058
ST 26/14	Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksplan for 2015 - 2016		2014/4303

### Møte i Stølsheimen verneområdestyre 2015

Fyrste møte i 2015 er planlagt onsdag 4. februar kl. 10.30 i Vik.

### ST 22/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 16.12.2014

#### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 23/14 Underskrift av protokoll frå forige møte

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 16.12.2014

#### Vedtak

Protokoll for styremøte 12.11.14 vart underskriven.

### ST 24/14 Stølsheimen landskapsvernområde - sikringstiltak på stien til Torvedalen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 16.12.2014

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Voss Utferdslag løyve til gjennomførte sikringstiltak for tilkomst på begge sider av brua over Torvedalselva, og på stien ovafor Torvedalstjørni.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Det skal ikkje setjast ned nye augeboltar utover dei som står der i dag.
- Det skal nyttast kjetting eller stålstreng som vert trekt gjennom augeboltane.
- Ved brua over Torvedalselva skal eksisterande sikring vedlikehaldast.
- Utferdslaget har ansvar for tilsyn og vedlikehald av sikringstiltaka.
- Dersom stien eller brua ikkje lenger er i bruk, skal tiltaka fjernast av tiltakshavar, og brukt materiale skal fraktast ut av området.

Tiltaka må vera avklara med grunneigarane.

## **ST 25/14 Stølsheimen landskapsvernområde - ombygging av stølshus på Vikafjellet**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 16.12.2014**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Maja Torvund løyve til å setja opp eit tilbygg til stølshuset i Vossadalen på Vikafjellet, til lager og uthus. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 3. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Breidda på tilbygget skal vera 2,75 meter, lengda skal vera lik eksisterande bygg.
- Ytre vegghegd skal ha same takhøgde som dei opphavlege tilbygga. Taket kan tekkas med bølgeblekk eller takpapp.
- Grunnkonstruksjonen for tilbygget er 4 søyler sett på betongfundament på fjellgrunnen.
- På yttervegg skal det nyttast tradisjonelle materiale som er kanta liggjande kledning. Det vert tilrådd å nytta ulik breidde på borda.
- I tilbygget kan det setjast inn to vindauga. Storleiken kan vera inntil 60 x 60 m<sup>2</sup> inklusiv rammer.
- Bygningsrestar og avfall skal fraktast ut frå området når byggearbeidet er ferdig.

Søkjjar vert oppmoda om å flytte noverande utedo inn i lagerbygget.

Skifte av roteskadd liggjande kledning er å rekna som vedlikehald i samsvar med tradisjonell byggeskikk, og treng ikkje særskilt løyve etter verneforskrifta. Ny kledning skal vera liggjande og ha same utforming som i dag. Utsifting av vindauga som er i

bygget i dag til same storleik, er ikkje søknadspliktig når det ikkje fører til fasadeendring.

Me gjer merksam at det må sendast søknad til Voss kommune om byggeløye etter plan- og bygningslova.

## ST 26/14 Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksplan for 2015 - 2016

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 16.12.2014

#### Handsaming i møte

Styret diskuterte tiltaksplan for 2015 og 2016 som var lagt fram i saka og presentert i møte. Tiltaka i planen vart sett opp i prioritert rekkefølge. I tenestekjøpsavtalar vert det godkjent ein timesats på kr. 200,- eksklusiv mva for arbeid utført av gardbrukarar eller grendalag. Kostnadane i tiltaksplanen er sett opp med summer eksklusiv mva. Tiltaksplanen vart samrøystes godkjent.

#### Vedtak

På bakgrunn av tiltaksplan som er utarbeidd for Stølsheimen landskapsvernområde, forvaltningsplanprosessen, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg Stølsheimen verneområdestyre fram fylgjande tiltaksplan for 2015 og 2016 (kostnadane er eksklusiv mva):

Tiltak	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2015	Prioritet	Periode
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Stølsvegar: Nese-Rosete, 2015 Finden-Dunevollen, 2015 Ortnevik-Fodnesstølen 2015 Alrek-Alrekstølen 2016	Prosjektlear/grunneigar /SNO	150 000	1	2014-2016
Vidareføring sti til Solrenningane	Bergen og Hordaland Turlag	100 000	2	2014-2015
Tiltak mur Torvedalen	Voss Utferdslag	37 500	3	2015
Kart og informasjon innfallsportar	SNO	20 000	4	2014-2016
Skjøtsel kulturlandskap Finnabotnen,	Grunneigar/SNO	15 000	5	2014-2016
Evaluering av skjøtselstiltak på stølane	Høgskulen i Sogn og Fjordane			2016
SUM		322 500		

Tiltak (bestillingsskjema A og B)	Samarbeidsaktørar	Prioritet	Periode
Overvåking av spreiring av	SNO	1	2014-

gran i Finna fjorden, Ortnevik og Arna fjorden			2016
---	--	--	------